



KOPI

Oppmåling - Teknisk forvaltning Radøy kommune

Referansar:

Dykkar:

Vår: 19/1225 - 19/10586

Saksbehandlar:

Kjartan Medaas

kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:

02.07.2019

## Delingssak Gbnr 45/322 Manger - Arealoverføring

Delegasjonssak nr.: 170/2019

### Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 23.05.2019.

### Heimelshavar

Radøy kommune.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om arealoverføring av om lag 172m<sup>2</sup> frå gbnr 45/322 til gbnr 46/49.

### Planstatus

Det omsøkte arealet ligg innanfor godkjent reguleringsplan for Manger torg, planid. 12602010000200. Arealføremål: 1700 [ Grav-og urnelund ].


### Nabovarsling

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo. Søknaden vart sendt inn før frist for nabomerknader var ute. Søknaden vert derfor sett som komplett motteken med dato 05.06.2019.

### Andre styresmakter

Søknaden er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og treng ikkje høyring i høve til regionale styresmakter.

## Plassering



### Vatn og avløp (VA)

Det er gjeve løyve til tilknytting til offentleg leidningsnett i vedetak datert 19.09.2018.

### Tilkomst, avkjørsle og parkering

Arealoverføringa utløyer ikkje endring i tilkomst, avkjørsle og parkering.

### VURDERING

Rådmannen vurderer at det omsøkte arealet kan delast i frå i samsvar med godkjent reguleringsplan. Eigedommen skal nyttast i høve til arealføremål i plan.

### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova §§ 8-12.

## VEDTAK:

Det vert gjeve løyve til arealoverføring av om lag 172m<sup>2</sup> frå gbnr 45/322 til gbnr 46/49 slik det er beskrive i søknad motteken 05.65.2019.

Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova §§ 20-1 m) og 26-1 samt § 21-3, naturmangfaldslova § 8-12, samt matrikkellova § 33.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage på vedtak

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, j.fr forvaltningslova § 27b.*

Dersom det ikkje vert klaga på vedtaket vert saka sendt til oppmålingsavdelinga i kommunen som tek kontakt for oppmålingsforretning.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
11.1.1	Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan	1	3300,-

	Totalt gebyr å betale		3300,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

### Klage på gebyr

*Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt oppmålingsingeniør Kjartan Medaas.

Med helsing

Silje Haukedal  
konst. leiar teknisk forvaltning

Kjartan Medaas  
oppmålingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Oppmåling - Teknisk forvaltning  
Radøy kommune

### Mottakere:

Radøy kommune - teknisk drift

Radøyvegen 1690 5936

MANGER